

Longva paa Skuløy, den 8. mars 1947.

Til

Norsk etnologisk gransking.

Bygdøy.

Eg sender her ei liti utgreiding um "Transport av Høy".

Um den er fullnøggjande, torer eg ikkje segja, men den er nokonlunde i samsvar med tilhøvi som dei hev vore og er, ikkje berre for ein einskild gard i Haram, men so som det stort set kann gjelda for heile heradet.

Arbeidet er interessant, men mykje tid tek det. Endaa det for meg som er tilaarskomen, kann det no vera so som so med det og, med di me gamle veit litegrand um gamletidi.

Teikningane eg hev sett paa siste bladet er berre "raa" riss som gjev ein liten tokke av korleis reidskapi var (og er for vogni sin part).

Eg hev lurt paa um ikkje det kunde vera greidare um spursmaali var litt meir systematisk uppsett. Ein tok fyre seg det som gjeld eldre tid med sine ymse spursmaal i sin bolck. So tok ein fyre seg notidi, um ein vil vita noko um den med dei spursmaal ein ynskte klarlagd i sin bolck. Dette er berre ein tanke fraa mi sida, og maa paa ingen maate takast som kritikk.

Vyrdsamt

Karl Rogne.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: Høytransport.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva paa Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Naar eg skal freista gjeva svar paa dette emnet, torer eg segja at tilhøvi i Haram herad andsynes høytransporten er so vidt kike for mest alle gardsbruki, at det som er sagt um eitt bruk eller ^{ei} grend, maatar stort set for heile heradet.

Pkt. 1, 2 og 3 vert tekne under eitt.

Høyet vert havt heim i loda med same det er turt. Her er soleis ikkje nytta korkje høystakk eller utloda.

Gardsbruk som hev hest, brukar alltid denne til høykøyring. Smaabrukaren som ikkje hev hest, fær anten laana hjaa ein granne, eller so dreg han det inn paa ei serskild dragvogn.- I eldre tid bar han det inn i "byratøg". Dette var laga av ei "høvd" (hovold) og tvo duble togpartar umlag $2\frac{1}{2}$ eller 3 famnar lange.

"Høvda" var anten av eit flatt bjørkestykke, umlag 6' langt, $2\frac{1}{2}$ " breidt og 1' tjukt med hol i baae endane, det eine til aa festa bukti av toget i og det andre til aa treda "byratøgendane" i gjenom, naar "byraa" skulde "gjyrast". Ei "høvd" kunde og vera samansveigd av eine, so ho saag ut mest som ei lykkja.

I ei turhøybyrd gjekk vanleg 6-7 støre "kjembe" (fengjer) laga med handriva, so byrdi saag ut som ei retteleg ster saata. Ein tok so lausendane av "byratøgje" og tråd-

2

de deim gjennom det ledige holet i "høvdne". Det var alltid tvo um aa "ggyre" "byraa", ein paa kvar sida. Til aa faa den godt ihop sette dei knei mot "byraa" og drog aat alt dei vann i kvar sin ende av toget. Han som skulde bera "byraa" (det var jamnt ein kar), tok ein høyvisk og snara endane av byrdatoget ikring, maatsamt langt fraa "høvdne". So rulla han "byraa" so mykje aat seg at høgre neven som var nærast høvdi kom ned mot marki. Med vinstre neven heldt han paa høyvisken som han hadde snara byrdetogendane ikring. Den som stod bak "byraa", helst ei kvinna, fata so med ei hand i kvar part av "byratøgje", og so med eit kraftig raskt tak lyfta byraa so høgt dei kunde upp fraa marki, medan beraren snøgt svinga seg inn under byraa og fekk denne godt upp paa herdane. Toget han heldt i, la han yver hovudet. La han det yver herdane, vart han "siraua", dvs. Byrdi kom ned paa mjødmane.

Den som stod bak byrdi og lyfte med, maatte vera stød i olbogane, so byrdi kom rett, ikkje skeivt upp paa beraren.

No er det slutt med høybering. Her finst vel knapt att eit "byratøg", so ungdomen knapt hev aning um korkje dette, eller korleis ein skulde faa paa seg ei høybyrd paa skikkeleg vis.

I eldre tid vart slege upp gjennom gyl og flær i fjellet paa s̄me gardar i Haram. Daa brukte dei mykje meis (ei) til aa faa det ned med. Meisa var bundi som grovmauska not, mest som torskegarn, av torskegarnskot (hamp) eller tjukt linetog. Dei "meisa" daa raagraset ned paa jamni der det vart turka. Var det stutt veg ned til flata, rakka kvinnfolki undan bakke til det kom ned der dei breidde det. Fjellsløtte er det slutt med for ei 40-50 aar sidan.

Trillebaare og berebaare hev ikkje vore brukt til høy-

transport, det eg veit.

Smaabrukarar som ikkje hev hest, brukar no jamnt dragvogn som er laga berre til det bruk. Ho hev tvo hjul og er lettgjord. Sume av desse tek no til aa nytta "vinsen" til transprt paa bruket, ogso til høy. I det aller siste er og bilen nytta til dette bruket.

Pkt. 4. Fraa gamal tid so langt ein veit attende, var høysleden brukt under høybergingi. Den var berre brukt ~~K~~ til høy- og kornkøyning. Høysleden var umlag 3 alner lang og $1\frac{1}{2}$ aln breid. Ordet hjulslede er ikkje brukt no, men i fyrste tid ein tok til aa bruka vogner, vart dei kalla hjulsledar, helst um møkvogner. Det var ikkje megar paa deim korkje framme eller bak. Nemningi kom av at vognkista likna paa ei sledekista (paa møksledar) som var sett paa hjul, og so vart ^hhjulslede. Til vanleg hadde dei visse vegar aa køyra paa baade med slede og vogn.

Paa høysleden var ikkje brukt grind. Heller ikkje paa høyvogni fyrr kring 1910. Brukaren av Rogne, grn. 7, brn. 1, var den fyrste. No er høygrind vanleg. Ho er so lang og bræid som høyvogni, umlag 2,5 m. x 1,5 og kring 1 m. høg.

Fyrr høygaffelen kom i bruk her kring 1890, vart turrhøy- et "kjembt" med handriva og lagt lagvis paa høysleden og - vogni. Regelen var aa leggja "kjembine" (fengjene) framme og bak paa køyredningi fyrst. Sist paa midten. På den maaten fekk lasset sitt rette skap. Lassi me køyrer her paa garden no, veg vanleg millom 350 og 400 kg.

Den tid høysleden var brukt, var lassi mykje mindre, 4 eller 5 byrder. I den fyrste høyvogntidi, fraa kring 1850, var heller ikkje lassi so store som no. For dei fyrste høyvognene var ikkje so sterkgjorde. Sassen var av tre (bjørk) og hjuli var berre ein trekross med fire bukter. Sjølve vognflata (sleden) var og er i eitt med skjekene.

Vognbotnen hadde elles tri eller fire smale fjøler langs etter med eit maatsamt millomrom. Yver hjuli er laga ei kassa (hjulkassaa), so høyet ikkje skulde koma ned paa hjuli. Fraa hjulkassa gjeng kortare fjølen (breivear heiter dei), so langt fram og attyver som vogni rekk. Hjuli var uskodd i den fyrste tid, men er no alltid skodd. Høyvogni hev same skapet no som fyrr, men noko større enn den gamle. Den er tvohjula og berre for ein hest. Dei 4 fjølene som held vognflata ihop, heiter knivane, tvo framfor og tvo bakanfor hjulaasen. Vanlege høyvognehjul no er 24" i tverrmaal.

Fyrr ein tok til aa bruka grind kring høyvogni, laut ein "ggyra" lasset under køyringi. Uppaa laag "taangja" som var laga av tri eller fire tritoms breide kvistefrie fjøler innfelt i endestykket. "Taangja" var mest so lang som vognbotnen (sleden). Tongbreiddi var som millom hjulkassone. Gyrdatoget, som me kalla taangsiminn, eller berre siminn, var av hampetog, tjukt som garnskot (-felling). Eine enden av siminn var knytt fast midt paa endestykket av tongi som laag eller snudde fram paa lasset. So gjekk siminn under vogni og upp bak paa lasset, og denne simeenden vart teken rundt bakre tverrstykket av tongi midt paa dette. Sume kunde ha ein trenagle i dette endestykket til aa leggja siminn yver istaden for aa taka den rundt dette.

Ved sjølve "ggyrengjinne" drog den som trakka lasset fyrst tongi godt fram so lasset ikkje skulde verta baklesst. Gyrdaren bak lasset drog so godt "onde" d.v.s. han strama siminn, so tongi peika upp fraa lasset bak. So maatte den som trakka lasset leggja seg paa framenden av tongi med all si tyngd, medan gyrdaren drog aa alt han vann. Gjorde so siminn fast, og lasset var ferdig.

Baade under lessing og gyrding laut ein akta paa at las-

set baade var beint og maateleg framtungt for hesten.
Sidan grindvogni kom i bruk til høykøyring, er bruken av
tong falle burt anna enn under kornkøyring.

Det var ikkje noko maat med storleiken paa siste lasset.
Det baade var og er regel aa raka vel all mark, ogso ved
siste lasset. Handriva vert mykje brukt etter hesteriva.
Ein segjer det er "stuggefere" aa lata noko liggja att.
Pkt. 5 og 6 fell ut um tilhøvi her.

Til slutt set eg paa her nokre smaa teikningar. Dei
gjer ikkje krav paa aa vera korkje proporsjonale eller
fint fraaseggjorde, men dei gjev gjerne ein tokke av kor-
leis dei nemnde reidskap saag og ser ut.



